



Til drosjesentralane i Bergen køyreområde

Dato: 04.12.2017

Vår ref.: 2017/15505-2

Saksbehandlar: annved

Dykkar ref.:

## Løyveforvaltinga i Hordaland løyvedistrikt 2016 - revidert drosjereglement for Bergen køyreområde

Fylkesutvalet handsama sak om løyveforvaltinga i Hordaland løyvedistrikt 2016 i møte 22.11.2017 og fatta følgjande vedtak:

1. *Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeforvaltinga i dei prisregulerte områda i Hordaland til etterretning. Det er ein målsetnad at det er fleire løyvehavarar i kvar kommune.*
2. *Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeforvaltinga i Bergen køyreområde til etterretning.*
3. *Fylkesutvalet ber om at det vert lagt fram eiga sak med behovsprøving av selskapsvognløyva i Hordaland. I saka bør søknadsprosessen vurderast. Fram til behovsprøvinga ligg føre, bør det ikkje tildelast nye selskapsvognløyve i Hordaland.*
4. *Fylkesutvalet godkjenner at punkt 2.11 kulepunkt 2 i drosjereglementet for Bergen køyreområde går ut og vert erstatta av nytt kulepunkt:*
  - «Rapport om kor mykje kvart løyve har køyrt i løpet av inntektsåret innan 31. juli kvart år, jf. pkt. 3.5. Det skal gå fram tal på køyreoppdrag, brutto inntening (både kontant- og kredittkøyring) eksklusiv meirverdiavgift, køyrdे kilometer for kvar einskild drosje, tal timer i drift, tal timer ledig, tal timer opptatt, tal køyreoppdrag, samt kor mange tilsette som har køyrt på drosjen i året.»
5. *Fylkesutvalet godkjenner at drosjereglementet for Bergen køyreområde får nytt 2. ledd: «I den daglege drifta kan løyvehavar med reserveløyve, nyttta dette når løyvehavar sin ordinære drosje står i ro, dersom slikt byte inngår i ein dagleg skiftplan mellom dei to løyva.»*
6. *Fylkesutvalet godkjenner at ein held fast på prinsippet om fri flyt av løyvehavarar mellom sentralane, jf. drosjereglementet for Bergen køyreområde pkt. 3.6.*

I pkt. 5 i vedtaket var henvisinga til pkt. 4.3 falt ut, men dette går fram av saka. Vedlagt følgjer revidert revidert drosjereglement gjeldande frå 22.11.2017.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*